



Det er stor byggeaktivitet i Uskedalen for tida. Her frå Geilo i sentrum.

Det er stor byggeaktivitet i Uskedalen for tida. Det gjeld alt frå nybygg til renovering. Bustader og husvære er for sal. Landbruksnæringa er i vekst og på Myklebust hos Runar Myklebust er det nyss opna ny kalvaflor. Det gamle tunet på Neset vert restaurert og fornya. Sentrum vert fortetta og det er fleire døme på nybygg på gamle tufter.

Oversikten er ikkje fullstending, men vi prøver å ta med pågåande arbeid og det som er ferdigstillt:

- Alle 8 bueiningane på Eikelandet Brygge er selde
- Alle 20 seksjonane på Uskedalen Brygge er busette, nokre er for sal
- Sunnhordland Prosjektutvikling har ferdigstillt 6 seksjonar i det som var Jacobine Haugland sitt forretningsbygg. Det har vore visning og alt er klart for sal
- Ein tomannsbustad i Ospelunden er for sal. Det same gjeld bustad i Øvre Halsabrotet
- Det er arbeidet med ferdigstilling av bustader i Nedre Halsabrotet
- Eit større bustadhus i Korsneset vil koma for sal
- Eit tilrettelagd hus med livsløpsstandard er klart for innflytting i Myro
- På Steinsletto i Porsen vert der bygd nytt naust på gamal nausttomt
- I Geilo på Solstad kjem det opp eit vakkert bustadhus, på den gamle løetufta
- Nokre garasjar er under bygging
- I det 'gamle' Halsabrotet er eit større uthus/reiskapshus klar for bruk
- På søre Kjærland hos Margun Eik og Anbjørn Høvik vert løa utvida til ein moderne saueflor
- Nye hus i Øvre Halsabrotet og på Nausthaugen er innflytta
- Eit større gardshus på Eik vert renoverte og påbygd
- På Skorpo er kome opp ei ny og moderne hytte. Hytta er kledd med vedlikehaldsfrie plater
- Nokre hytter på Skorpo er renoverte og det er komne til boder
- Nokre hus i sentrum vil truleg koma for sal.

Alt dette tyder på stor byggeaktivitet. Uskedalen er med andre ord ein attraktiv plass å bu og feriera i.



Ei ny moderne hytte på Skorpo, ved sida av ei noko eldre hytte.



Eit tilrettelagd bustadhus med vakker utsikt er klar for innflytting i Myro.



Seks bueiningar, i det som var eit forretningsbygg på Nausthaugen. er klar for sal.